




NORGES
SILDESALGSLAG

Det Kongelige Fiskeri- og Kystdepartement
Postboks 8118 Dep
NO-0032 Oslo



Bergen, 1. november 2013

Dykkar ref.
13/598

Høyring- utkast til forskrifter i medhald av fiskesalslagslova.

«Norges Sildesalgslag (NSS) syner til at forskriftsutkasta har vore drøfta i eigne møter med Fiskeri- og Kystdepartementet.

Til forskrift om førstehandsomsetning av villlevande marine ressursar vil vi sterkt rå til at ein vel alternativ 1. som tekst i § 3, slik det også er uttrykt i brev av 01.10.2013 om meklingsordninga frå Fiskesalgslagens Samarbeidsråd til FKD


NSS har merka seg dei diskusjonar som har oppstått i samband med forskriftsarbeidet om kva minstepris skal vera og kva som skal omfattast av meklingsordninga, og er nøgd med følgjande presisering frå FKD i høyringsdokumentet:


«Meklingsinstansen skal halde seg til rammene i § 12 i lova og § 3 i den nye forskrifta, og til dømes ikkje ta standpunkt til korleis minstepris skal fungere i dei einskilde salslag. Dette vil innebære at den praksis fiskesalslaga følgjer i dag vert lovfesta. § 11 fører dermed ikkje til endra minsteprisregime, og det går fram at det er tidligare praksis for minstepris som er blitt lovfesta i den nye lova.»

NSS merkar seg krava nemnd i § 3, 4 avsnitt om dokumentasjon av pris og marknadstilhøve for fisk og fiskprodukt nasjonalt og globalt. NSS har over ei tid prøvd å få til eit samarbeid med FHL om utarbeiding av eit felles datagrunnlag for slik dokumentasjon, men må så langt dessverre konstatere at det ikkje er interesse på industrisida for eit slikt samarbeid.

NSS har ingen merknader til utkast **til forskrift om staten sine kontrollørar for Fiskesalslag.**»

Med vennlig hilsen
NORGES SILDESALGSLAG


Otto Gregussen


Knut Torgnes

Kopi: Fiskesalgslagenes Samarbeidsråd
Norges Fiskarlag